

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 26.10.2007
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Inntektsfordeling 2008 og resultatkrav 2008**

Styresak 094/07 B

Styremøte 08.11. 2007

1. Innleiing

I møte den 27/6-2007 behandla styret i Helse Vest sak 61/07 B Førebels inntektsfordeling 2008 og førebels resultatkrav 2008. Førebels inntektsfordeling blei vedtatt allereie før sommaren for å gje helseføretaka eit best mogleg grunnlag for arbeidet med budsjett- og omstillingsprosessane. St.prp. nr.1 (2007 – 2008) forslag til statsbudsjett 2008 blei lagt fram den 6. oktober i år. Administrerande direktør legg hermed fram forslag til endeleg inntektsfordeling 2008 og resultatkrav 2008. Helseføretaka vil i løpet av november og desember vedta sine budsjett for 2008. Sak om konsernbudsjett 2008 vil bli lagt fram for styret i møte den 6/2-2008.

Statsbudsjettet vil bli behandla i Stortinget desember d.å. og Bestilling 2008 frå Helse- og omsorgsdepartementet er forventa å bli oversendt dei regionale helseføretaka i starten av januar 2008. Vi må derfor ta atterhald for budsjettmessige konsekvensar som måtte komme som følgje av bestillinga frå HOD og eventuelle endringar i statsbudsjettet under Stortinget si behandling.

2. Føresetnad (Statsbudsjett 2008)

Den samla inntektsramma bygger på forslag til statsbudsjett 2008 St.prp. nr 1 (2007-2008). Det er lagt inn ein kompensasjon for løns- og prisvekst på 4,3 %. I budsjettforslaget er det lagt opp til ein realvekst til drift i 2008 der det for RHF'a totalt er lagt inn kr 1,790 mrd til pasientbehandling og kr 438 mill til opptrappingsplan rus og psykisk helse. I tillegg er det gitt auka løyving til bygg og utstyr på til saman kr 1,720 mrd. Den auka løyvinga til bygg og utstyr skal nyttast til:

- Finansiering av dei store investeringsprosjekta som er sett i gang
- Redusert låneopptak
- Helse Vest må heretter planleggja framdrifta av investeringsprosjekta i tråd med det som er mogleg innafor den likviditetsmessige ramma i basisløyvinga.

Låneordninga er strama inn og det blir berre gitt lån til spesifikke større prioriterte prosjekt. Samla låneramme for 2008 er satt til kr 1,72 mrd og det er følgjande prosjekt som vil få lån i 2008:

- Ahus
- Forskingsbygget ved DNR
- St. Olav
- Haukeland (vedtatt byggeprosjekt)
- Nordland sjukehus i Bodø
- Ev. psykiatriprosjekt

Styrking av basisramma

Oppsummert vil veksten i inntektsbudsjettet for 2008 knytt til basisramma og opptrappingsplan psykiatri/Rus bli som følgjar:

Tal i heile tusen	Totalt	Helse Vest
Auka løyving til bygg og utstyr	1 670 000	330 000
Vidareføring av St.prp.nr. 44	700 000	100 000
Vidareføring av høgare aktivitet i 2007	190 000	overslagsbev.
Auka pasientbehandling 2008 tilvarande 1,5 %	900 000	overslagsbev.
- av dette leggst følgjande i ramma	612 000	144 434
Oppdatering inntektssystem		
- Virkning av endring kriterieverdiar	0	13 084
- Virkning av oppgåveendringar	0	9 594
Opptrappingsplan:		
- Psykiatri	392 000	73 892
- Rus	46 000	7 881

Auka løyving til bygg og utstyr

Auka løyving til bygg og utstyr utgjør for Helse Vest kr 330 mill. Med denne opptrappinga føreset Stortinget at problemstillinga rundt kapital no er løyst. Den auka løyvinga må og dekke dei private ideelle. Delar av denne summen vil derfor bli haldt tilbake i RHF'et til fordeling i samband med bestillinga til dei private ideelle.

Samla kapitaltilskot til eigne helseføretak er no kr 1,021 mrd i 2008. Midlane blir fordelt på helseføretaka gjennom inntektsmodellen (kapitalnøkkel).

Vidareføring av St.prp.nr. 44

Tilleggsløyvinga gjennom St.prp.nr. 44 på kr 100 mill er vidareført i 2008 utan regulering for løns- og prisvekst. I tilleggsløyvinga låg det i tillegg inne eit tilskot på kr 8,6 mill til rusbehandling. Dette tilskotet er ikkje vidareført i 2008. Dette inneber at nye aktivitetar knytt til tilleggsløyvinga må dekkast innafor opptrappingsplan psykiatri.

Auka pasientbehandling – auka basisramme

I budsjettforslaget for 2008 er det lagt til rette for ein generell vekst i pasientbehandling på 1,5%, og det er derfor lagt inn auke i basisramma til Helse Vest på kr 114,4 mill. Det er lagt til grunn ein marginalkostnad på gjennomsnittleg 80% for den auka aktiviteten. Tilskotet gjeld og private ideelle og rusinstitusjonane. Det er lagt opp til at kr 104,3 mill blir fordelt helseføretaka basert på eit gjennomsnitt av alle komponentane i inntektsmodellen.

Opptrappingsplan rusområdet

Det er gitt eit tilskot på kr 6,7 mill til Helse Vest til auka behandlingsskapasitet når det gjeld avrusing, akuttbehandling og ambulante tenester for rusmiddelavhengige. Tilleggsløyvinga i St.prp.nr. 44 er ikkje vidareført slik at den auka tilskotet vil bli nytta til å vidareføre tiltaka som vart sett i verk i samband med tilleggsløyvinga i 2007.

I tillegg er det gitt kr 1,15 mill til auka legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Dette gir til saman kr 7,9 mill i auka tilskot til rusområdet. Disponeringa av budsjettmidla vil bli gjort i samband med bestillinga for 2008 for dei aktuelle rusinstitusjonane.

Opptrappingsplan psykiatri

I statsbudsjettet for 2008 er det gitt kr 73,9 mill i nye friske midlar. Med denne løyvinga er no opptrappingsplanen gjennomført i sin heilskap. Midlane vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

Andre forhold

Det er i tillegg gjort omleggingar av ulike inntektspostar som vil få innverknad på fordelinga av inntektene innafor Helse Vest regionen. Dette gjeld mellom anna følgjande postar:

- Utviding av ISF ordninga – der poliklinisk somatisk aktivitet blir lagt inn i ISF ordninga
- Poliklinikk – privat og offentleg lab./røntgentakstar blir redusert fordi aktivitetsbaserte tilskot frå staten til RHF'a skal utgjere 40 %. Forskjellen mellom gamle og nye takstar blir overført til basisramma.
- Overtaking av finansieringssansvar for følgjande legemidlar blir lagt inn i basisramma:
 - o Raptiva – er eti behandlingsalternativ til TNF-hemmere for plakkpsoriasis
 - o MS-legemidlar (Betaferon, Avonex, Rebif og Copaxone)

Desse postane vil bli omtala seinare i saka.

ISF inntekt

Det er lagt til rette for ein generell vekst i pasientbehandling med 1,5% på nasjonalt nivå frå 2007 til 2008. I Statsbudsjettet for 2008 er det lagt til grunn ein prisomregningsfaktor på 4,3 %. Det er vidare føresett at det ikkje blir utbetalt ISF-refusjon for endra registreringspraksis. Prisen er derfor satt ned tilsvarende 1% for forventa endra registreringspraksis i 2008.

Prisen for 2008 er berekna på følgjande måte:

DRG pris 2006	kr 32.490,-
Prisregulering 4,3%	kr 1.397,-
Kompensasjon for endring i ISF-reglene for 2006	kr 98,-
Forventa endra registreringspraksis 1 %	<u>kr - 338,-</u>
DRG pris 2008	<u>kr 33.647,-</u>

Dersom omfanget av endra registreringspraksis i ettertid avvik frå det som her er lagt til grunn, vil dette på same måte som tidligare bli handtert i den endelege ISF avrekninga for 2008 som skjer i 2009.

Utviding av ISF ordninga – poliklinisk somatisk aktivitet

I tråd med St.meld. nr. 5 (2003-2004) og stortingets behandling i Innst. S. Nr. 82 (2003-2004) er det foreslått å overføre finansieringa av den somatiske aktiviteten på offentlege poliklinikkar til ISF-ordninga frå og med 2008. Formålet er å etablere eit gjennomgåande aktivitetsbasert finansieringssystem som på ein betre måte enn i dag kan oppdaterast i forhold til poliklinisk utredning og behandling. I tillegg vil endringane legge til rette for tettare oppfølging og kontroll av aktiviteten på poliklinikkane.

Det blei tatt i bruk eit nytt kodeverk på poliklinikkane frå 1/1-2006. Datagrunnlaget er no av ein slik kvalitet at ein slik gjennomføring vil vere forsvarlig med tanke på omfordelingsverknader og kostnadskontroll. Som følgje av endringane blir overslagsløyvinga på polikliniske inntekter tilsvarende kr 1,160 mrd for landet overført til overslagsløyvinga for ISF inntekt.

Omlegging av poliklinikk inneberer meir enn å bare bytte takstar med DRG poeng. Mange endringar skjer samtidig og dette aukar risikoen for omfordelingseffektar og sviktande kostnadskontroll. Sosial- og Helsedirektoratet arbeider no med å få opp eit tilfredsstillande system for refusjon av poliklinikkinntekt. Det er venta at dette arbeidet vil være klart i starten av desember i år. Helse Vest må derfor komme tilbake seinare med ei klargjering av bestillinga og inntektsfordeling av polikliniske inntekter på helseføretaka og dei private ideelle.

Poliklinikk – privat og offentleg lab./røntgentakstar

Det er føreslått ein justering av privat og offentleg lab./røntgen takstar slik at desse blei redusert til 40% for å tilpasse seg gjeldande nivå for aktivitetsbasert finansiering. Aktivitetsbasert finansiering av laboratorie- og røntgenverksemt vil etter omlegginga harmonisere med den polikliniske verksemda. Som følgje av endringa blir det overført midlar til basisramma med kr 66,6 mill for Helse Vest. Dette tilsvarar ein redusert takst frå hhv. 46 % for private laboratorium og 55 % for private røntgenverksemdar. Det er føresett at takstane til offentlege laboratorium og røntgenverksemd blir redusert tilvarande.

Overtaking av finansieringsansvaret for legemiddel

Legemiddelet Raptiva

Raptiva er eit behandlingsalternativ til TNF-hemmere for plakkpsoriasis. Ansvar for finansiering av Raptiva blir overført til dei regionale helseføretaka. For Helse Vest blir det overført kr 2,4 mill i basisramma. Det er lagt inn ein vekst på 10 % i 2008

MS-legemiddel

Ansvar for MS-legemiddel (Betaferon, Avonex, Rebif og Copaxone) blir overført til dei regionale helseføretaka for å sikre likskap i bruk av natazumab (Tysabri). Det er lagt inn ein vekst på i overkant av 10 %. Det blir overført kr 48,2 mill til Helse Vest si basisramme. Midla er fordelt på dei regionale helseføretaka med basis i faktisk bruk basert på tall frå reseptregisteret.

Resultatmåling og resultatkrav

Resultatmålinga baserer seg på det rekneskapsmessige resultatet i føretaksgruppa. For 2007 er resultatkravet eit underskot på kr 300 mill som tilsvarar manglande finansiering av avskrivning på opningsbalansen. Gjennom opptrappinga av kapitaltilskot til gjenanskaffing av bygg og utstyr med kr 330 mill meiner no Stortinget at kapitalproblemet er løyst. Dette inneber at resultatkravet for 2008 er sett til eit ordinært årsresultat på 0 (dvs eit resultat i balanse).

Det blir vist til kap. 6 vedrørande fastsetting av resultatkrav til helseføretaka.

3. Inntektsramme 2007 frå staten

ISF inntekt er ei overslagsløyving. I denne saka er ISF inntekta utrekna med basis i Bestillinga 2007 til føretaka justert for 1 % kodevekst. Helse Vest må komme tilbake med eventuelle endringar i DRG poeng i samband med Bestillinga 2008.

Med basis i desse føresetnadane legg administrerande direktør til grunn følgjande inntektsramme frå staten for 2008:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	St. prp. nr. 1 Statsbudsjett 2008
ISF inntekt (overslagsbevilgning)		732. 76	2 964 644
Basisramme		732. 73	10 799 363
Sjuketransport		732. 70	292 700
Forskning og Medisinske kompetansesentre		732. 78	125 890
Psykisk helsevern		743. 75	444 556
Tilskot til opptreningsinstitusjoner		732. 70	70 200
Omlegging av arbeidsgiveravgift		732. 70	22 200
Sum estimert inntekt frå staten (ekskl. polikliniske inntekter)			14 719 553

4. Inntektssystem Helse Vest – oppdatering av kriterieverdiar

Inntektsmodellen som vart nytta i førebels inntektsfordeling i juni var oppdatert med DRG-produksjon i høve til bestillinga for 2007¹. I tillegg var både interne og eksterne pasientstraumar oppdatert med tal for 2006.

Utover dette er modellen no oppdatert med nye grunnlagsdata, dvs. mellom anna tal som viser nye befolkningstal og nye tal for forskingspoeng.

Det er ikkje gjort noko utviklingsarbeid på inntektsmodellen til Helse Vest i inneverande år. Det er derfor ingen systemmessige omfordelingsverknader for 2008 ut over at det er gitt eit tilskot på kr 9 mill til Helse Stavanger pga. at ein har oppdaga feil i berekinga av langliggjarane i kostnadskomponenten, jfr. sak 61/07 B.

Endringane i inntektsfordelinga er derfor knytt til oppdaterte kriterieverdiar der mellom anna befolkningsveksten i Rogaland gir utslag i favør av Helse Stavanger. Det same gjeld for forskingspoeng der Helse Stavanger har hatt eit høgt nivå i 2006 som gjer eit positivt utslag på fordelinga i 2008.

5. Budsjett 2008 – inntektsramme til helseføretaka

Fordeling av inntektsramma 2008 til helseføretaka baserer seg på inntektsramma frå staten fråtrekt dei midlane som Helse Vest skal nytta til kjøp av helsetenester utanfor inntektsmodellen. Inntektsramma inkluderer ikkje polikliniske inntekter då desse blir refundert i eige takstsystem utanfor inntektssystemet til Helse Vest. Poliklinisk somatisk verksemd vil bli innlemma i eit eige DRG system, jfr. omtala under kap. 2.

Med basis i oppdatering av inntektssystemet i Helse Vest får ein følgjande fordeling av inntekter på helseføretaka for 2008:

¹ Dette gjeld med unntak av berekning av basisramme fordelt etter produksjon. Her er produksjonsnivået fryst på same nivå som i fjor, men oppjustert med ny ISF-pris.

Inntektsfordeling 2008 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	745 190	395 568	1 208 479	302 997		2 652 233
ISF pasienter behandla i andre regionar	58 511	14 591	31 432	18 817		123 352
ISF pasienter behandla for andre regionar	-16 117	-2 183	-52 474	-7 390		-78 164
SUM ISF	787 584	407 975	1 187 438	314 423		2 697 421
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 596 221	2 596 221
Basis somatikk	695 289	361 251	648 978	275 324		1 980 842
Basis somatikk fordelt etter produksjon	376 334	207 244	651 356	149 993		1 384 927
Korreksjonslinje interne gjestepasienter	(14 073)	(11 806)	(109 441)	(6 371)		(141 691)
Kostnadskomponent, somatikk	176 157	89 558	574 421	80 204		920 339
Basis psykiatri	572 278	365 451	652 671	250 584		1 840 984
Gjestepasienter rus	20 535	11 359	27 577	7 215		66 687
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	31 829	-		31 829
Ambulanse	65 662	74 791	164 880	99 495		404 828
Stukturtilskot	-	26 218	23 370	33 791		83 379
Skjønnstilskudd Helse Førde	-	-	-	20 860		20 860
Langliggere	9 000	-	-	-		9 000
Tilskudd til landsfunksjonar	-	-	34 213	-		34 213
Internt gjestepasientoppgjør	-39 495	-90 842	191 825	-61 487		0
Fordelt kapitaltiskot	283 515	158 208	464 647	114 630		1 021 000
Sum fordelt etter modell	2 932 786	1 599 408	4 543 762	1 278 662	2 596 221	12 950 840
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad	21 197	6 204	-10 521	5 713		22 594
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	6 686	4 009	9 301	2 598		22 594
Fordeling av midler til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar	28 644	63 729	11 890	37 428		141 691
Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepasientoppgjør	19 307	44 313	-92 987	29 367		-
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	1 700		-19 000
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 993 321	1 717 663	4 456 046	1 355 469	2 596 221	13 118 719

Inntektsfordeling 2008 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisramme						-
Halvering lab/røntgen satsar	44 513	15 639	79 756	14 120		154 027
Kreftplan	7 700	1 177	10 177	2 794		21 848
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	5 856	405	15 955		22 216
Kompensasjon for el-avgift	5 282	5 683	11 422	3 063		25 451
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 725	-5 897	14 795	-4 174		-
Rusomsorg	1 441	15 214	16 483	568		33 707
Tilleggsbevilgning St.prp. 44 - rusomsorg	700	700				1 400
Gjesteplassar rusområde - fordelt i modellen	-	-	-	-		-
TNF hemmar	22 105	797	78 064	22 503		123 468
Pensjonskostnad - inngår no i resultatkravet	53 696	28 507	88 658	23 284		194 145
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltilskot	30 247	18 774	42 763	12 516		104 300
Ekstraløyving st.prp. 44 (2007 - ikke prisjustert)	27 351	16 545	38 251	10 853		93 000
Ekstraløyving aktivitetsvekst (fordelt etter sum inntektsmodell)	27 692	15 605	49 525	11 482		104 304
Særskilte tildelinger	-	-	-	-		-
"Mor og Barn" prosjekt	461	-	-	-		461
Øremerket tilskudd	-	-	-	-		-
Opptappingsplan psykiatri 2004	4 528	2 705	5 361	2 989		15 582
Opptappingsplan psykiatri 2005	11 600	9 932	18 944	9 909		50 386
Opptappingsplan psykiatri 2006	18 621	9 419	24 901	8 120		61 061
Opptappingsplan psykiatri 2007	19 087	10 430	20 860	6 780		57 156
Tilskot til utdanning	11 652	5 830	100 119	4 414		122 014
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	5 035	-	29 977	-		35 012
Nasjonale med. komp. Sentre	1 151	-	29 614	-		30 766
Syketransport	55 209	51 540	104 982	104 169		315 900
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	4 012	-	-	-		4 012
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress	338	189	468	122		1 117
Insulinpumper	2 824	1 665	4 954	900		10 343
Dyrare legemiddel	914	503	1 573	388		3 378
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 280	0	-	0		5 280
Uttrekk frå Jæren DPS - overført Sola DPS (fordeles i systemet)						0
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF	-	-	10 502	-		10 502
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	3 350 034	1 928 475	5 238 600	1 606 224	2 596 221	14 719 553
Endring av inntektsramma til HF'a som følgje av gjesteapsientoppgjør:						
<i>Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør</i>	<i>-117 023</i>	<i>-29 182</i>	<i>-62 865</i>	<i>-37 634</i>		<i>-246 703</i>
<i>Fakturering av gjestepasienter andre regioner</i>	<i>32 233</i>	<i>4 367</i>	<i>104 947</i>	<i>14 780</i>		<i>156 327</i>
<i>Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)</i>	<i>28 147</i>	<i>23 611</i>	<i>218 883</i>	<i>12 741</i>		<i>283 382</i>
<i>Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen</i>	<i>-57 288</i>	<i>-127 457</i>	<i>-23 780</i>	<i>-74 856</i>		<i>(283 382)</i>
<i>Kostnad rus gjestepasienter</i>	<i>-24 741</i>	<i>-3 668</i>	<i>-25 274</i>	<i>-13 004</i>		<i>-66 687</i>
<i>Kostnad kjøp av kurdøgnplassar</i>	<i>-5 083</i>	<i>-3 047</i>	<i>-7 141</i>	<i>-2 051</i>		<i>-17 322</i>
SUM inntektsramme i HF'a	3 206 279	1 793 098	5 443 369	1 506 200	2 596 221	14 545 168

Når det gjeld inntekstpostane som er fordelt innanfor inntektsmodellen blir det her vist til kapittel 4. Inntekstpostane som er fordelt utanfor inntektsmodellen er prisregulert med 4,3 %. I førebels inntektsfordeling blei det lagt til grunn ei prisjustering på 3,8 %

Auken i basisramma som følgje av ein generell aktivitetsvekst på 1,5 % er fordelt utafor inntektsmodellen og er basert på eit gjennomsnitt av alle komponentane i inntektsmodellen. Beløpet er på kr 104,3 mill. Det her haldt av kr 10,1 mill til auka aktivitet hos private ideelle samt rusinstitusjonane.

6. Resultatkrav 2008 for helseføretaka

Under sak 61/07 B førebels inntektsfordeling 2008 og førebels resultatkrav 2008 som vart behandla i møtet i juni blei førebels resultatkrav for helseføretaka fastsett. Dette resultatkravet er no uaktuelt som følgje av at Helse Vest har fått dekt det manglande kapitalelementet med kr. 330 mill og resultatkravet derfor er sett til eit resultat minimum i balanse.

Helseføretaka rapporterar at det er ei utfordring å nå det budsjetterte resultatet i 2007. Avvik i 2007 kjem derfor som eit ekstra effektiviseringsbehov i 2008. I tillegg ligg det inne eingangseffektar i resultatet for 2007 som det for 2008 må finnast nye tiltak for. Administrerande direktør legg derfor til grunn at helseføretaka må halde trykk på effektiviserings- og omstillingstiltak og at dei styrer verksemda slik at resultatet for 2008 blir i tråd med det samla resultatkrav eigar stiller til Helse Vest.

For å ta høgde for den generelle usikkerheita i det samla budsjettopplegget skal helseføretaka i 2008 legge inn ein reserve som tilsvarer tilleggsløyvinga som blei gitt i St.prp.nr. 44 i 2007.

I og med at kapitalelementet no er løyst og effektiviseringskravet som opphavleg låg inne med kr 100 mill no er tatt bort, vil administrerande direktør foreslå at resultatkravet til alle helseføretaka for 2008 med unntak av Helse Førde blir sett til eit resultat i balanse.

Administrerande direktør foreslår at balansekravet til Helse Førde utsettes til 2009 og at resultatkravet i 2008 settes til eit underskot på kr 40 mill. Slik situasjonen er i Helse Førde vurderer administrerande direktør det vanskeleg for føretaket å oppnå balanse allereie i 2008. For å oppretthalde eit resultat i balanse for konsernet blir det lagt inn eit tilsvarande overskot i RHF'et. Dette må dekkast innafor reserveposten

Resultatkravet blir då som følgjer:

Tal i heile mill. kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav 2008	0	0	0	-40	4	0	40	4

Apoteka Vest har i 2007 eit resultatkrav på kr 4 mill. Administrerande direktør legg til grunn at Apoteka Vest viser minimum eit tilsvarande resultat for 2008.

Helse Vest IKT har eit balansekrav for 2007 og det blir stilt krav om at føretaket og i 2008 klarer å levere eit resultat i balanse. Det er vedtatt ein 5årig effektiviseringsplan for Helse Vest IKT på totalt kr 48,5 mill. Så langt har Helse Vest IKT levert etter planen, og har pr. utgangen av 2007 effektivisert for kr 30,1 mill (årleg effektivisering). For 2008 er effektiviseringskravet ytterlegare kr 10 mill, slik at samla effektivisering blir kr 40 mill.

Ved fastsetting av balansekravet til helseføretaka i 2008 er det ikkje tatt omsyn til konsekvensane av endringar i rekneteknisk føresetnad for pensjon. Dette vil få betydeleg konsekvensar for resultatet og resultatmålinga. I tillegg vil dette gi ei auke i premieinnbetalingane til neste år. Helse- og omsorgsdepartementet arbeider no med å finne ei løysing på korleis ein skal handtere problemstillinga rundt pensjon. Helse Vest vil komme nærare tilbake til korleis dette skal handterast i samband med framlegg av konsernbudsjettet i februarmøtet i 2008.

I tabellen under er det her vist ei samanlikning mellom endeleg inntektsramme 2008 mot inntektsramme 2007 (revidert budsjett 2007). Tala som her blir samanlikna er samla inntektsramma, jfr. skravert tabell ovanfor.

SUM Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Inntektsfordeling 2008	3 206 279	1 793 098	5 443 369	1 506 200
Krav til resultatforbedring vs resultatkrav 2007	-60 000	-38 000	-153 000	-46 000
Inntektsramme justert for resultatkrav	3 146 279	1 755 098	5 290 369	1 460 200
Inntektsramme 2007 (RNB)	2 936 656	1 673 232	5 089 322	1 412 445
Reell endring i inntektsramme	209 624	81 866	201 047	47 756
Endring i %	7,1 %	4,9 %	4,0 %	3,4 %
Endring i inntektsramme ut over deflator på 4,3%	83 347	9 918	-17 794	-12 980
Endring i %	2,8 %	0,6 %	-0,3 %	-0,9 %
Andre forhold:				
Renteeffekt av auka kapitaltilskot	4 143	2 285	7 102	1 630
Resultatkrav 2008	0	0	0	-40 000
Vekst inntektsramme korr. for res.krav	87 490	12 202	-10 692	28 650
Endring i %	3,0 %	0,7 %	-0,2 %	2,0 %

Sidan resultatkravet blir sett til null i 2008 er det i tabellen ovanfor gjort eit fråtrekk i inntektsramma 2008 tilsvarende det skjerpa resultatkravet når ein samanliknar veksten i inntektsramma. Tabellen viser inntektsveksten i nominelle kronar og prosent for kvart av helseføretaka. I tillegg viser tabellen endring i inntektsramma når ein tar omsyn til 4,3 % deflator frå 2007 til 2008. Endringa i inntektsramma er då eit uttrykk for dei effektane som inntektsmodellen gjer som følgje av oppdaterte grunnlagsdata samt endringa i resultatkravet frå 2007. I tillegg er det lagt inn renteeffekt av auka kapitaltilskot då opptak av lån vil bli tilsvarende lågare.

Dersom ein legg til grunn at Helse Førde får utsett balansekravet til 2009 vil veksten i inntektsramma for 2008 utgjere ca 2 %.

7. Budsjett Helse Vest RHF 2008

Den samla inntektsramma som ligg att i Helse Vest RHF blir foreslått disponert som følgjer:

Disponering av inntektsramma i Helse Vest RHF

- Kjøp av helsetenester innanfor "sørge for ansvaret"	1 792 392
- Tilskotsordningar	7 933
- Tilbakehaldne midlar	714 747
- Helse Vest morselskap	81 149
SUM	2 596 221

7.1 Kjøp av tenester innanfor "sørgje for ansvaret"

I denne posten inngår følgjande:

Tilskot til Helse Bergen og Helse Fonna for å dekke farmasøytiske tenester	6 902
Tilskot til influensasenteret i Bergen	2 476
Private ideelle	944 046
Driftstilskot private legar	163 102
Rusinstitusjonar	263 868
Kjøp av helsetjenester og dekning av særskildte kostnader til helseføretaka	48 000
Norsk Pasientskade Erstatning - premie	24 030
Andre avtalar	4 843
Lab/røntgen offentlig	45 471
Lab/røntgen privat	92 024
Luftambulansen	62 045
Fritt sjukehusvalg	541
Helseradionett	515
Gjestepasientoppgjjer - 2008 gjeld kun private avtalespes.	134 528
SUM	<u>1 792 392</u>

Tilskot til Helse Bergen og Helse Fonna for å dekke farmasøytiske tenester

Tilskotet er prisregulert med basis i styringsdokument 2007. Beløpet skal og dekke farmasøytisk rådgiving i Hordaland. Fordelinga må gjerast i dialog med Apoteka Vest.

Tilskot til influensasenteret i Bergen

Tilskot til influensasenteret i Bergen er vidareført med basis i same nivå som 2007 regulert for prisstigning. Midlane blir betalt til Helse Bergen HF med kr 2,476 mill.

Driftsavtale private institusjonar

Ved budsjettering av dei private ideelle er inntektsramma for 2007 inklusive tildelingar i revidert budsjett 2007 justert for prisvekst lagt til grunn. Det er vidare lagt til grunn at dei private ideelle får ein del av løyvinga knytt til aktivitetsauke på 1,5% i 2008. Det er elles lagt til grunn den same føresetnaden om 1 % auke i kodepraksis som for eigne HF.

Det er inngått avtale med Solli sjukehus om dekning av kapitalkostnad knytt til nybygg. Bygget er forventa å stå ferdig i løpet av 2008. Det er tatt høgde for implementering av kapitaltilskot frå og med 2008.

Det vil i løpet av november/desember bli gjennomført drøftingsmøte med dei private ideelle kor bestillinga for 2008 samt tildeling av budsjetttramme blir fastsett. Det vil frå Helse Vest sin side bli lagt vekt på at bestillinga for 2008 blir fastsett i løpet av januar 2008. Det er i budsjettet lagt inn ein samla budsjettpost på kr 946,7 mill som skal dekke vidareføring av avtalane frå 2007 tillagt prisvekst, aktivitetsauke og kapitaltilskot til Solli sjukehus. Eventuelle avvik ut over dette vil måtte dekkast innfor reserveposten i Helse Vest.

På same måte som for eigne helseføretak vil og dei private ideelle får ein vesentleg auke i pensjonskostnaden som følgje av endringar i rekneteknisk føresetnad for pensjon. Dette vil og gi ei auke i premieinnbetalingane neste år. Helse Vest vil i samråd med HOD søkje å finne ei løysing som er tilfredsstillande for dei private ideelle. Problemstillinga må bli forsøkt avklart før bestillinga 2008 blir fastsett.

Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar

Helse Vest har avtaler med nærare 300 privatpraktiserande legar og psykologar i region vest. Budsjetttramme for 2008 legg opp til ei vidareføring av 2007 nivået justert for prisvekst. Budsjetttramme for desse avtalane er då kr 163,1 mill i 2008.

Rusbehandling

Tilleggsøyvinga i St.prp.nr. 44 på kr 8,6 mill i 2007 er ikkje vidareført i 2008. I opptrappingsplan rusbehandling er det lagt inn kr 6,7 mill til auka behandlingsskapasitet når det gjeld avrusing, akuttbehandling og ambulante tenester for rusmiddelavhengige. Desse midlane må gå til å dekke dei tiltak som allereie er sett i verk i 2007 som følgje av tilleggsløyvinga.

Ved budsjettering av rusinstitusjonane er det lagt til grunn inntektsramma for 2007 justert for løns- og prisvekst. I tillegg er det tatt høgde for at rusinstitusjonane får ein prosentdel av aktivitetsveksten som er lagt inn i basisramma til Helse Vest.

Det er budsjettert med totalt kr 263,9 mill til rusinstitusjonane inkludert LAR. Fordeling av desse midlane vil bli gjort i bestillinga for 2008 for dei aktuelle institusjonane. På same måte som for dei private ideelle vil det bli gjennomført drøftingsmøte med dei institusjonane som Helse Vest har avtale med. Helse Vest vil søke å avklare bestillinga så tidleg som mulig i 2008. Eventuelle avvik ut over det budsjetterte beløp vil måtte dekkast innafor reserveposten i Helse Vest.

Kjøp av helsetenester og dekning av særskilde kostnader i helseføretaka

Tildeling av inntektsramme og bestilling til helseføretaka blir som hovudregel fastsett ein gong pr. år. Erfaring viser likevel at det i ei så stor verksemd kan være behov som endrar seg. Eksemplar på dette er fedmekirurgi (adipositas), nytt PET senter og mammografibuss. For å ta høgde for slike endringar gjennom året blir det på denne posten budsjettert med kr 48 mill til kjøp av helsetenester.

Norsk pasientskadeerstatning - premie

I basisramma frå staten er det innarbeida tilskot til å dekke premien til NPE med kr 22,6 mill. Premien er stipulert til å utgjera kr 24 mill. Ordninga er såleis underfinansiert med kr 1,4 mill. Det vil hefte usikkerheit ved denne posten då premien vil vera avhengig av utviklinga i skadestatistikken. Ein auke i kostnaden vil fangast opp av eigen budsjettreserve.

Andre avtaler

Denne posten er ein vidareføring av budsjettet frå 2007 justert for løns- og prisvekst, og dekker i hovudsak regionsenter for barne- og ungdomspsykiatri. I tillegg ligg det att ein residualpost frå tidlegare avtalar innan psykiatri. Posten vil bli vurdert i samband med fordeling av opptrappingsmidlar psykiatri.

Lab/røntgen - offentleg

Denne posten gjeld betaling til eigne helseføretak for analysar utført for andre regionar. I tillegg ligg det her betaling til andre regionar for analysar utført for våre helseføretak. Budsjettet baserar seg på ei vidareføring av budsjettert kostnadsnivå i 2007 justert for prisvekst.

Det er samla budsjettet er på 45,5 mill og dekker mellom anna kompensasjon til Helse Stavanger for LAR prøvar på same nivå som i 2007.

Det blir elles vist til omtale av endring i takstar poliklinikk – offentlege og private laboratoria og røntgenverksemd. Ein vil her måtte komme tilbake til eventuell omfordeling av budsjettpostar.

Lab/røntgen - private

Helse Vest har avtale med fleire private laboratorium og røntgenverksemdar. I avtalane som blei inngått i 2005 er det sett eit maksimumstak på utbetalingar. Budsjettet baserar seg på ei vidareføring av budsjettert kostnadsnivå i 2007 justert for prisvekst. Det samla budsjettet for 2008 er kr 92 mill.

Det blir elles vist til omtale av endring i takstar poliklinikk – offentlege og private laboratoria og røntgenverksemd. Ein vil her måtte komme tilbake til eventuell omfordeling av budsjettpostar.

Luftambulansen

Denne budsjettposten er fastsett med basis i kostnadsbudsjettet som Luftambulansen har lagt fram for 2008. Helse Vest sin del av budsjettet er på kr 62,045 mill for 2008. Dette er ein vekst på kr 1,4 mill mot i fjor. Totalt sett har Luftambulansane ein kraftig vekst i sine budsjett frå 2007 til 2008 og 2009. Dette skuldast anskaffing av nye fly og inngåing av nye avtalar. Størsteparten av desse kostnadane blir belasta Helse Nord og Helse Sør-Øst basert på uttak av tenester.

Fritt sjukehusval

For å betre pasientane sin informasjon om rettar og tilbod knytt til val av sjukehus er det i basisramma lagt inn eit tilskot for å styrke telefontenesta i dei regionale helseføretaka. Budsjettet er prisregulert og utgjer kr 0,541 mill. Budsjettposten vil bli innlemma i budsjettet til Helse Vest sin administrasjon når dette blir lagt fram for behandling i desembermøtet

Helseradionett

Helsedirektoratet har ansvar for leige og drift av basestasjonane medan driftsutgiftene knytt til basestasjonane og kostnader for bruk av helseradionettet ligg hos dei regionale helseføretaka. Budsjettet er vidareført i med basis i 2007 justert for prisvekst og er på kr 0,515 mill.

Gjestepasientoppgjer private

Helse Vest har inngått avtaler med ei rad private aktørar om kjøp av helsetenester. For DRG aktivitet får Helse Vest refundert 40 % av staten og denne inntekta ligg derfor inkludert i den samla inntekta frå staten. Beløpet som ligg på denne posten gjeld kostnader til pasientbehandling hos dei private aktørane.

For fleire av kirurgiavtalane er det ei øvre ramme for DRG produksjonen. I avtalane er det ulik refusjonsgrad avhengig av kva type inngrep som er gjort. For nokre av dei tyngste prosedyrane er kostnaden over 100 % av DRG prisen, og dette betyr at kostnaden for Helse Vest for dei aktuelle prosedyrane kan være over 60% av DRG prisen. Ei endring i miksen mellom lettare og tyngre inngrep vil derfor kunne påverke kostnaden mykje medan inntekta står fast på 40% av DRG produksjon. Det er derfor ei usikkerheit i kostnadsberekninga sjølv om det er satt eit øvre tak på DRG poeng. Det er lagt inn ein margin i kostnadsbudsjetteringa for å fange opp ein variasjon i miksen mellom dei ulike prosedyrane. I tillegg er det lagt inn kostnader knytt til opphald. Det er budsjettert med ein samla kostnad på kr 134,5 mill. Netto kostnadseffekt av gjestepasientoppgjer private er om lag kr 48 mill.

Ein eventuell auke i bruk av plassar hos private aktørar der det ikkje er sett eit DRG tak eller endring i miksen mellom lette og tyngre prosedyrar vil måtte sjåast opp mot budsjettreserven.

7.2 Tilskotsordningar

I denne posten inngår følgjande (tal i 1000 kroner):

Regionsykehustilskot Bergen Legevakt	382
Tilskot brukarorganisasjonar	6 913
Ammesenter ved Rikshospitalet	231
UFD Studenthelsetjeneste	97
Regionalt brukarutval	310
SUM	<u>7 933</u>

Regionsjukehusstilskot Bergen legevakt

Tilskotet gjeld undervisning av medisinarstudentar og beløpet er ei vidareføring av budsjett 2007 regulert for prisvekst. Beløpet utgjer kr 0,382 mill for 2008.

Tilskot til brukarorganisasjonar

Budsjetttramma for tilskot til brukarorganisasjonar er vidareført på same nivå som 2007 justert for prisvekst. Det er her lagt inn ei øvre ramme på kr 6,913 mill for tilskot til brukarorganisasjonar. Søknadsfristen for å få tildelt midlar går ut ved årsskiftet og det vil bli gjort ei vurdering av kor mykje midlar som skal løyvast til dei einskilde brukarorganisasjonane i byrjinga av 2008.

Regionalt brukarutval

Midlar til regionalt brukarutval er vidareført med eit beløp på kr 0,310 mill som er vidareføring av budsjettet for 2007 justert for prisvekst. Budsjettposten skal dekke møtegodtgjering og andre møte- og reisekostnader.

7.3 Ikkje fordelte midlar

Tilskot til forskning	111 656
Sjuketransport - administrasjon av ordninga	35 418
Opptrappingsplan psykiatri	73 892
Finansiering av MS-legemidlar	48 200
Finansiering av efalizumab	2 400
Flytting av lab/røntgen til basisramme	66 551
NPE - Erstatningsansvar	72 474
Kreftplan Høgskolen i Bergen	511
Medisinske kvalitetsregistre	6 743
Tilskot til utdanning av stråleterapeuter	2 923
Nødnett - nasjonalt prosjekt	12 000
Nasjonale kompetansesentre (ufordelt)	2 219
Regionalt autismemiljø og regionalt fagmiljø ADHD	3 200
Norsk helsenett	8 500
Helse Vest IKT	7 750
Helsebibliotek	1 966
Nasjonal IKT	6 300
Landsverneplan for helsesektoren	682
Tilskot til opptreningsinstitusjoner	84 554
Internrevisjon	4 172
Avskrivning bygg Jæren DPS	3 000
Regionale fellesprosjekt	9 700
Nasjonale fellesprosjekt	6 793
Tillitsvalgte	3 143
Reserve for å fange opp usikkerheit	140 000
SUM	<u>714 747</u>

Tilskot til forskning

I statsbudsjettet er det lagt inn tilskot til forskning med kr 90,9 mill. Beløpet fordeler seg med kr 34,1 mill i basistilskot og kr 56,8 mill i resultatbasert forskning. Det er forskingsresultat for perioden 2004 til 2006 som ligg til grunn for fordeling av midlar i 2008. Helse Vest har tidlegare lagt inn ei ekstra styrking på kr 19,9 mill. Denne posten er vidareført med prisjustering av beløpet i 2007. Samla budsjett til forskning blir da som følgjer:

	2007	2008
Basis	kr 32,7 mill	kr 34,1 mill
Resultatbasert	kr 53,2 mill	kr 56,8 mill
Sum inntekt frå stat	kr 85,9 mill	kr 90,9 mill
Ekstra styrking frå Helse Vest	kr 19,9 mill	kr 20,8 mill
Sum midlar til forskning	kr 105,8 mill	kr 111,7 mill

Tilskot til forskning blir disponert av det regionale samarbeidsorganet. Det vert her stilt krav om å gjennomføra prosjekta i tråd med føresetnadane som er gitt for dei einskilde løyvingar og midlane blir då betalt ut fortløpande etter slutføring av prosjekta. Midlane vert halden tilbake i Helse Vest RHF i påvente av utbetaling til dei enkelte forskingsprosjekta.

Sjuketransport – administrasjon av ordninga

RHF'a har ansvaret for direkteoppgjersfunksjonen for pasienttransport slik at behandlingstilbod og transport kan koordinerast. I tillegg har ein ansvaret for direkte oppgjør med transportørar. Vidareføring av avtale med NAV om levering av saksbehandlingsteneste på pasientområdet vil i 2008 utgjere om lag kr 30,5 mill. I tillegg er ekstra budsjettpost knytt til administrasjonsutgifter på kr 4,7 mill i 2007 vidareført med løns- og prisvekst. Budsjettet for 2008 utgjør kr 35,418 mill.

Opptappingsplan psykiatri

I Statsbudsjettet for 2008 er det lagt inn ei ytterlegare opptapping innan psykiatri på kr 73,892 mill. Med tildelinga i 2008 er opptappingsplanen psykiatri no gjennomført i sin heilskap. Det er førebels ikkje gjort nokon fordeling av midlane og ein ber om at administrerande direktør får fullmakt til å fordele midlane administrativt på helseføretaka og private ideelle.

Finansiering av MS-legemiddel

Det er foreslått å overføre finansieringsansvaret for immunmodulerande MS-behandlingar til dei regionale helseføretaka frå og med januar 2008. Midla er fordelt på RHF'a etter faktisk bruk basert på tall frå reseptregisteret. Det er lagt til grunn at kostnadene vil auke i 2008. Det er ikkje føresett nokon innsparing som følgje av ansvarsoverføringa i budsjettet for 2008. Ved fastsetting av det økonomiske opplegget for 2009 vil departementet ta omsyn til at det er ein vekst i omsetning av MS-legemiddel.

Helse Vest får for 2008 overført kr 48,2 mill i basisramma til dekning av MS legemiddel. Det vil bli satt i verk eit arbeid med å sjå på fordelinga av midlane mellom føretaka. Administrerande direktør vil derfor foreslå at budsjettposten blir fordelt administrativt på eit seinare tidspunkt.

Finansiering av Raptiva

Dei regionale helseføretaka overtok finansieringsansvaret for legemiddelgruppa TNF-hemmarar 1. juni 2006. For pasientar med plakkpsoriasis kan Raptiva være eit behandlingsalternativ til TNF-hemmare. Ein ulik finansieringsordning kan gi utilsikta forbruksvridingar mellom enkelte legemidlar. Det er derfor foreslått at ansvaret for finansiering av legemidlet Raptiva overføres til dei regionale helseføretaka frå januar 2008.

Helse Vest får overført kr 2,4 mill i basisramma til dekning av legemidlet Raptiva. Det vil bli føretatt ein ny gjennomgang på fordelinga av TNF-hemmare i regionen. Fordelinga av Raptiva

vil derfor bli innlemma dette arbeidet. Administrerende direktør vil foreslå at budsjettposten blir fordelt administrativt på eit seinare tidspunkt.

Flytting av lab/røntgen til basisramma

Det vises til omtale ovanfor vedrørende reduksjon av takstar til laboratorie- og røntgenverksemd. Takstane blir redusert fordi aktivitetsbaserte tilskot frå staten til dei regionale helseføretaka skal utgjere 40 %. Reduksjonen i dei aktivitetsbaserte inntektene som følgje av takstendringane blir overført med tilsvarande beløp til basisramma. Helse Vest får derfor overført kr 66,6 mill i basisramma.

Det vil bli satt i verk eit arbeid med å avklare kva konsekvensar denne takstomlegginga har for dei lab/røntgen institusjonane som Helse Vest har avtale med. Midlane blir derfor haldt igjen i RHF'et og vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

Norsk pasientskadeerstatning - erstatningsansvar

Frå og med 2006 fekk dei regionale helseføretaka ansvaret for finansiering av erstatningsutbetaling frå NPE. Midlar til å dekke utbetalingar er overført i basisramma og utgjer for 2008 kr 72,474 mill. Utbetaling til NPE baserer seg på fem års rullerande skadestatistikk i det enkelte HF uavhengig av pasienten sin bustad. I budsjettet er det halden tilbake kr 72,474 mill til å dekke erstatningsansvaret.

Kvalitetsregistra

Helse Vest har ansvar for vidareføring av fleire kvalitetsregister som tidligare låg under Sosial- og Helsedirektoratet. Budsjettposten er vidareført med tillegg for prisvekst og utgjer kr 6,743 mill for 2008.

Tilskot til utdanning av stråleterapeutar

Det er i basisramma frå staten innarbeida tilskot til utdanning og vidareutdanning av stråleterapeutar eller anna relevant personell innan kreftbehandling. Budsjettposten blir vidareført med justering for prisvekst og utgjer i 2008 kr 2,923 mill. Midlane vert fordelt med basis i søknad frå helseføretaka.

Naudnett – nasjonalt prosjekt

Dei regionale helseføretaka har i fellesskap vedtatt å organisere naudnettprosjekt i 2 delprosjekt, (1) etablering av nasjonal Helsedriftsorganisasjon (HDO) og (2) innføring og mottak i aktuelle helseføretak. Prosjekta blir styrt av ei styringsgruppe leia av Helse Sør-Øst. Budsjettet for 2008 er førebels ikkje avklart og vil bli behandla i førstkommande AD RHF møte. Så langt er det presentert eit budsjett på kr 60 mill. Dette er sendt i retur til Helse Sør-Øst. I denne saka er det tatt høgde for ein samla kostnad på kr 60 mill der Helse Vest dekkar 1/5 av beløpet med kr 12 mill. Eventuelle endringar i budsjettet vil måtte fangast opp av reserveposten i RHF'et sitt budsjett.

Kompetansesentra

Det er satt av ei budsjetttramme til Regionalt autismemiljø og regionalt fagmiljø for ADHD med totalt kr 3,2 mill. I tillegg ligg det att ein ufordelt post på kr 2,2 mill til nasjonale kompetansesentra. Desse beløpa vil ein måtte komme tilbake til fordelinga på eit seinare tidspunkt.

Tilskot til regionale og nasjonale kompetansesentra er innarbeida i inntektsramma og fordelt på helseføretaka med følgjande beløp:

Regionale kompetansesentra	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	TOTAL
- Regional Akuttmedisinsk Kompetanse Senter	1 906				1 906
- Kompetansesenter for Sykehushygiene			2 304		2 304
- Kompetansesenter for arvelig kreft			8 102		8 102
- Kompetansesenter for lindrende behandling			3 606		3 606
- Kompetansesenter for genterapi			4 250		4 250
- Fengsel, sikkerhet, rettspsykiatri			6 981		6 981
- Norsk senter for sjøfartsmedisin			2 126		2 126
- Regionalt kompetansesenter for rehabilitering			2 608		2 608
- Regionalt komp.senter innan spesialisert rusbeh.	3 129				3 129
Sum	5 035	0	29 977	0	35 012

Nasjonale kompetansesentra	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	TOTAL
- MS inkl. register			4 602		4 602
- Nefropatologi			705		705
- Kommunikasjonsberedskap			4 617		4 617
- Tropemedisin			1 657		1 657
- Porfyrissykdom (inkludert økning NAPOS)			4 900		4 900
- Hjemmerespirator			7 695		7 695
- Funksjonell magnetisk resonans avbilding			1 119		1 119
- Leddproteser			1 119		1 119
- Søvnssykdommer			1 234		1 234
- Vestibulære sykdommer			983		983
- Gastroenterologiske ultrasonografi			983		983
- Bevegelsesforstyrrelser	1 151				1 151
Sum	1 151	0	29 614	0	30 766

Norsk Helsenet

Budsjettet til Norsk Helsenet er ikkje ferdig enno og det er derfor uklart kor stor del av kostnadane Helse Vest må dekke i 2008. Basert på den informasjon ein sit med i dag er det i denne saka lagt inn eit estimat for 2008 på kr 8,5 mill. Eventuelle endringar i budsjettet vil måtte fangast opp av reserveposten i RHF'et sitt budsjett.

Helse Vest IKT

Det er lagt inn midlar til ekstrasfinansiering av kundesenteret i Helse Vest IKT. Midlane skal dekke tiltak for å styrke kundesenteret ved Helse Vest IKT. Dette gjeld tekniske løysingar, auka bemanning samt dekking av opplæringssteam på 5 personar som skal stå for IT-opplæring. Budsjettet for 2008 utgjer kr 7,75 mill og dekker kr 1,75 mill i eingongskostnad og kr 6 mill i årleg driftskostnad. Opplegget skal evaluerast ved utgangen av 2009.

Det vil i 2008 bli satt i gang eit regionalt prosjekt for Elektronisk Pasient Journal. Det er førebels uklart kor store kostnadene vil bli. Det vil i den samanheng bli utvikla ein finansieringsmodell for å dekke prosjektkostnadene. Dersom kostnaden overstig dei midlane som Helse Vest har budsjettet med til regionale prosjekt må dette dekkast innafor reserven.

Helsebibliotek

Helsebiblioteket skal formidle oppdatert faglig kunnskap slik at den er lett tilgjengeleg i den kliniske kvardag tilpassa helsepersonellens behov. Ordninga blir finansiert av dei regionale helseføretaka og Sosial og Helsedirektoratet. Dei 5 regionale helseføretaka skal dekke 1/5-del kvar. Frå 2008 vil kr 11 mill bli overført til Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenester. Helse Vest vil som følgje av dette få ei reduksjon i basisramma med kr 2,060 mill. Det blei i 2007 budsjettet med ein kostnad på kr 3,214 mill. Etter ein prisjustering samt reduksjon for overførte midlar blir attverande budsjettpost i Helse Vest på kr 1,966 mill.

Nasjonal IKT

Ved budsjettering av Nasjonal IKT er det lagt til grunn ein total budsjettamme på kr 28 mill for 2008. Helse Vest sin del at den samla budsjettamme er på kr 5,6 mill. I tillegg er det lagt inn kostnader i forbindelse med reiser og møter på kr 0,7 mill og totalbudsjettet utgjør da kr 6,3 mill for 2008.

Landvernplan for helsesektoren

I budsjettet for 2006 blei det vedtatt å overføre kr 4 mill frå dei regionale helseføretaka sine rammer til arbeidet med landsverneplan for helsesektoren. I budsjettet for 2008 er det foreslått å tilbakeføre kr 3,41 mill og for Helse Vest utgjør dette kr 0,682 mill. Midlane er haldt tilbake i budsjettet for seinare disponering.

Tilskot til opptreningsinstitusjonar

Helse Vest har frå og med 2006 overtatt heile ansvaret for finansiering av opptreningsinstitusjonane. Basisramma frå staten utgjør i 2008 kr 70,2 mill. Det blei i 2006 sett i verk eit arbeid for å innrette seg på nytt framtidig avtalenivå som er høgare enn nivået som følgje av statsbudsjettet. Den samla prisjusterte kostnad knytt til opptreningsinstitusjonar i 2008 utgjør kr 84,6 mill. Det ligg såleis ein underfinansiering i forhold til dagens avtalenivå på kr 14,4 mill.

Internrevisjon

Helse Vest har tilsett internrevisor som er på plass frå januar 2008. Internrevisjonen blir gjennomført etter ein årsplan vedtatt av kontrollkomiteen.

For 2008 er det budsjetttert med ei kostnadsramme på kr 4,2 mill.

Regionale og nasjonale fellesprosjekt

I 2007 vart det budsjetttert med midlar til regionale og nasjonale fellesprosjekt. Det er ikkje utarbeid ei prioritert liste over prosjekt for 2008 enno. Dette vil bli gjort i samband med framlegg av konsernbudsjett for 2008. Budsjettpostane blir derfor vidareført på same nivå inn i 2008, justert for løns- og prisvekst.

Reserve for å fange opp usikkerheit

Det er knytt ein del usikkerheit til det samla budsjettopplegget og i 2008. Det er eit mål at inntektsfordelinga skal vere mest mulig komplett overfor helseføretaka og at det ligg att minst mulig reserve i RHF'et. Administrerande direktør ser det likevel som nødvendig at det blir halde tilbake kr 140 mill for å dekke usikkerheita i budsjettopplegget samt eit underskot i Helse Førde på kr 40 mill.

Reell reserve er då på kr 100 mill og denne er hovudsakeleg knytt til følgjande poster:

- Avtaler med private aktørar
- Handtering av pensjon private ideelle
- Utvikling i kostnader til kjøp av gjesteplassar innan rusbehandling
- Utvikling i gjestepasientoppgjer private
- Forhold som blir tatt opp i bestillinga for 2008 frå HOD
- Kodevekst DRG
- Resultatoppråing i forhold til resultatkravet

7.4 Helse Vest morselskap (administrasjon)

Det er i budsjettforslaget for 2008 lagt inn ei total ramme på kr 81,1 mill til dekning av personalkostnader, konsulenttenester og andre driftskostnader til Helse Vest sin administrasjon.

Administrasjonen vil fram mot neste møte utarbeide eit detaljert budsjett for 2008. Det er førebels lagt inn ei auke i kostnadsramma på kr 3 mill ut over ordinær prisjustering. Auken relaterer seg til oppgradering av kvalitet på regnskaps- og lønstenesta samt systemforvaltning ved det nye rekneskapssenteret. I tillegg vil det være behov for å styrke budsjettet innafor prioriterte områder. Eventuelle endringar ut over den skisserte ramma må justerast mot reserven i RHF'budsjettet.

Forslag til vedtak:

1. Fordeling av inntektsramme 2008 på helseføretaka blir vedtatt. Detaljert bestilling blir lagt i bestillardokument 2008 for dei enkelte helseføretaka.

Inntektsramma 2008 fordelt pr. helseføretak:

Inntektsfordeling 2008	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	3 350 034	1 928 475	5 238 600	1 606 224	2 596 221	14 719 553
<i>Endring av inntektsramma til HF'a som følgje av gjesteapsientoppgjør:</i>						
<i>Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør</i>	-117 023	-29 182	-62 865	-37 634		-246 703
<i>Fakturering av gjestepasienter andre regioner</i>	32 233	4 367	104 947	14 780		156 327
<i>Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)</i>	28 147	23 611	218 883	12 741		283 382
<i>Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen</i>	-57 288	-127 457	-23 780	-74 856		(283 382)
<i>Kostnad rus gjestepasienter</i>	-24 741	-3 668	-25 274	-13 004		-66 687
<i>Kostnad kjøp av kurdøgnplassar</i>	-5 083	-3 047	-7 141	-2 051		-17 322
SUM inntektsramme i HF'a	3 206 279	1 793 098	5 443 369	1 506 200	2 596 221	14 545 168

2. Administrerende direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramme. Administrerende direktør får og fullmakt til å fordela på helseføretaka og private ideelle, budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF.
3. Resultatkrav for 2008 blir som følgjer:

Tal i heile mill. kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav 2008	0	0	0	-40	4	0	40	4

4. Det skal budsjetterast med ein reserve i helseføretaka i tråd med opplegget for 2007:

Tal i heile mill. kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Reserve	27	16	38	11	92